



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato  
14.03.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/15395 421.53  
Dykkar referanse

Hilmar Andersen  
Titlandsvegen 32  
5912 SEIM

### Avslag på søknad om tilskot - Lindås - Grønnsåtavegen - Tilskot til vegbygging - Landbruksveg - Hilmar Andersen

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Grønnsåtavegen vegklasse 7 datert 4.juni 2015.

**Vedtak:** Fylkesmannen finn ikkje å kunna yta tilskot til Dykkar veg Grønnsåtavegen. For året 2016 er alle tilskotsmidlane til skogsvegar brukt opp, i tillegg ligg det mange gode skogsvegprosjekt på vent.

Vi har vurdert søknaden Dykkar opp mot andre innkomne søknader og retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland 2015. I desse retningslinjene heiter det om prioritering pkt. 2.4.2:

Alle vegar som det blir søkt om tilskot til, skal vurderast ut frå dei kriteria som går fram av Landbruks- og matdepartementet sitt skjema M-016, «Retningslinjer for fordeling av statstilskudd til skogsveier». Følgjande vegar har prioritet:

- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Bilvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar vegklasse 7 i bilveg trase kan vurderast.

Vidare har Landbruksdirektoratet bestemt at:  
- Vegar bygd for å redde stormfelt skog skal prioriterast.

For året 2016 er alle tilskotsmidlane til skogsvegar no brukt opp, i tillegg ligg det mange gode skogsvegprosjekt på vent.

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. landbruksdirektør

Terje Natland  
fylkesskogmeister

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ